



Notat

Saksbehandler: Rådmann/stab/Reidun Elin Johannessen

Vår referanse: 17/1504 - 17/11392

Dato: 06.06.2018

Emne: Retningsliner for behandling av søknad om skuletilhør § 8-1 i Opplæringslova

Formål

Retningslinene skal gi føringar for behandling av søknader om anna skule enn nærskulen. Dei skal fungere som retningsliner for skjønnsutøvinga.

Lovgrunnlag

Barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1 om Barnets beste står det: «*Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn*».

Opplæringslova § 8-1 første ledd: «*Grunnskoleeleverne har rett til å gå på den skolen som ligg nærest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til*». I andre ledd: «*Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til*.»

Det er ei ulovsfestet rett at lik sak vert behandla likt. Når ei sak vert behandla ulikt, treng kommunen å ha ei sakleg grunn for forskjellsbehandlinga.

Loven gir i utgangspunktet elever rett til skuleplass i det inntaksområdet der dei er busett. Eit vilkår for inntak er at det er kapasitet på det aktuelle trinnet. Der nærskulen ikkje har kapasitet til alle elever som er busett i inntaksområdet, skal elevar med søsknen ved skulen ha fortrinnsrett til plass.

Inntaksområder

Meland kommune deler ikkje inn i faste skulekrinsar, men etter rettleiande inntaksområder (skulekrinsar). Det er nærskuleprinsippet som ligg til grunn. Sjå vedlagt kart og liste over inntaksområder.

Behandling av søknader

1. Søknad om skulebyte vert sendt til Meland kommune. Rådmannen, ved skulefagleg seniordrådgjevar, behandler søknader om skulebyte
2. Det skal alltid gis ein konkret og individuell vurdering av moment i eleven sin situasjonen (vurdering av barnet sitt beste)
3. Vurdering av barnet sitt beste blir vekta mot andre omsyn
4. I saksutgreiinga skal kommune vise kva som er vurderinga og korleis vurderinga er vekta

5. Skulefagleg rådgjevar innhentar uttale frå rektor både ved nærskulen og skulen det søkerjast plass ved
6. Barna skal gis moglegheit til å uttale seg. Når barna er over 12 år, skal det bli lagt stor vekt på kva eleven meiner.
7. Om søknad er grunngjeven i mangel på trygt og godt skolemiljø, må skulen legge ved tiltaksplaner med evaluering som dokumenterer at tiltak er prøvd utan betring
8. Om søkerjaden er grunngjeven i eleven sine pedagogiske, sosiale og/eller personlege tilhøve, skal rådmannen behandle søkerjaden og gjere vedtak. Om søkerjaden vert stetta på dette grunnlaget, skal skysskostnadene dekkast av kommunen
9. Om søkerjaden er grunngjeven med ei lette av praktiske tilhøve for dei føresette, skal rådmannen behandle søkerjaden og gjere vedtak i saka. Ein må også ta stilling til om føresette sjølv må dekke ekstra skysskostnadene
10. **Skule i same kommune:** Så fremt det er ledig kapasitet på anna skule enn nærskulen, vert søkerjaden normalt godkjent (retten andre elever har etter nærskuleprinsippet må ikkje bli satt til side)
11. **Skule i anna kommune:**
 - a. Dersom det er under eit halvår igjen av eit skuleår, vert søkerjaden normalt godkjent
 - b. Elever som skal flytte til ny kommune i løpet av 1. skuleår, kan dokumenterer dette, og det pedagogiske, sosiale og/eller personlege tilhøve, vert søkerjaden normalt godkjent.

Skyss

I Udir 3 -2001 pkt 6 står det: «*Hovudregelen er at det ikkje kan setjast vilkår i samband med vedtak om skyss. Dersom byte av skole er eit tiltak for å hindre mobbing eller sikre betre tilpassa opplæring, er det tale om tiltak for å sikre retten til opplæring, og det vil då ikkje vere høve til å stille vilkår om at kostnadene til skyss må dekkjast av dei føresette. Dersom eleven blir teken inn på ein annen skole for å halde opp kontakten med vener eller lette praktiske tilhøve for dei føresette, vil ikkje byte av skole nødvendigvis vere eit tiltak for å oppfylle retten til opplæring. I slike situasjonar kan det vere lov å stille som vilkår om at skyssen blir dekka av dei føresette.*» Skyss vert dekka når eleven allereie har rett til skyss etter § 7-3 i Opplæringslova – *Skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke.*

Klage

Vedtak om skulebyte er eit enkeltvedtak. Ved avslag på søkerjad som gjeld byte av skule, skal føresette bli informert om høve til å klage, jf. forvaltningslovens §§ 28 og 29. Klage vert sendt til Meland kommune v/skulefagleg seniorrådgjevar. Dersom vedtaket ikkje vert endra, blir klage sendt til Fylkesmannen i Hordaland som endeleg klageinstans.

Retningslinene er vedteken i kommunestyret (dato) i sak nr. (....)

Reidun E. Johannessen
Skulefagleg rådgjevar

Kopi til:

e:\docserver\102943f1-deff-4156-8886-18f06bb6380b\working\031c266a-dd62-453b-b7ea-
70429cdfe0a9\websak_meland_doc2pdf_318883.docx